



Sak nr 23/2008

Møtedato: 7.5.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

## **Massetak på Vaset - endring**

Stølsvegen Vaset-Murkelie søker om å få utvide regulert massetak med 500 m<sup>2</sup>. I breidde utgjør dette ca 10 meter midt på utvida areal, og 15 meter langs stølsvegen. Grunngevinga for utvidinga er å endeleg avslutte massetaket på ein slik måte at det ikkje står att særlege høge/bratte kantar. Utvidinga vil auke uttaket av masse med 400-500 m<sup>3</sup>.

Administrasjon i kommunen er positiv til tiltaket, då ein vil få til avslutta massetaket på ein naturleg måte. Det kan bli aktuelt å stille krav om at topplaget med vegetasjon skal leggjast tilbake i skråning.

Etter uttaket av masse er avslutta vil administrasjon tilrå at det utvida arealet blir omregulert til parkeringsplass.

Kommunen ber fjellstyret om uttale til søknaden.

### **Vedtak:**

Fjellstyret har ikkje merknader til søknaden.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 8.5.08

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune  
Statskog